

Kontaktblad for  
Nr.49 Mai 2018

# HJARTDAL HISTORIELAG

## Kongsbergtur i mai! Kortreiste attraksjonar



Glogeorgelet i Kongsberg kyrkje,  
Bergverksmuseet, Opsahlgården, Birger  
Ruuds kongsbergknek og museumsdi-  
rektør Alfild Skårdal (oppinneleg frå  
Sauland)

# Bytur med kongsbergknekk, kyrkjekonsert og bergverksmuseum – laurdag 26.mai!

Bli med på ei historisk reise til ei tid da sølvverket gjorde Kongsberg til Norges nest største by (etter Bergen), og sjå den verdsjende samlinga av sølvstuffer på bergverksmuseet! Få også med deg historia om Kongsberg-knekkken i museets skihistoriske utstilling.

Ved sida av dette får vi omvising i Kongsberg kyrkje som er Norges største barokk/rokokkokyrkje med 2400 sitteplassar. Her kan vi mellom anna sjå dei enorme og vakre lysekronene frå Nøstetangen og vi får høre ein liten konsert på det store orgalet i kyrkja.

Opsahlgården ligg like ved kyrkja, og her blir det servera ein god lunsj. Saman med den får vi historia til den gamle gården.

Og er vi heldige får vi ei lita byvandring og historiar frå byen med ein utflytta hjartdøl, Trygve Dølen.

*Pris: 500 kr for  
medlemmer og  
600 kr om du ikkje  
er medlem.  
Prisen inkluderer  
buss, omvising,  
konsert og lunsj.  
Betalast på bus-  
sen.*

*Oppmøte på  
Saulandstunet kl.  
8:45 og så reknar  
vi å vere attende  
ca 17:30*

*Påmelding til Borg-  
hild Hovde Bren-  
nekåsa 95420677,  
Svein Bakkalia,  
97535468 eller  
Torgunn Opsal,  
46944521  
35023310  
Vel møtt til tur!*



Foto: Ivar T.Dahl

*Denne montasjen på bergverksmuseet viser at gruvedrifta i Telemark og bondeopprøret i Hjartdal er historie som museet set høgt.*

# Referat frå årsmøte i Hjartdal historielag

## på Løvheim onsdag 7. mars 2018



*Ein del av dei  
40 deltagarane  
ved åpninga  
av årsmøtet*

*Bildet på neste  
side: Fore-  
dragshaldaren  
Bergit Telnes*

### 1. Åpning

Svein Bakkalia åpna møtet og ønska alle 40 oppmøtte velkommen.

### 2. Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkallinga og saklista blei godkjende.

### 3. Valg av møteleiar og referent

Svein Bakkalia blei vald som møteleiar og Torgunn Opsal blei vald som referent.

### 4. Årsmelding 2017

Torgunn Opsal las opp styret si årsmelding. Det kom nokre merknader som vil bli førd inn i årsmeldinga i etterkant.

Svein Bakkalia takka Gunnhild Deilkås og Torgunn Opsal for bokgåver til laget.

### 5. Rekneskap 2017

Torkild H Mosebø la fram revidera rekneskap.

Rekneskapet blei godkjent.

### 6. Budsjett 2018

Torkild H Mosebø la fram styret sitt forslag til budsjett. Det blei stemt over og godkjent.

### 7. Valg

Svein Erik Sletta la fram valgkomiteens forslag. Forslaget blei stemt over samla og blei einstemig godkjent med applaus.

Audun Solberg attvald som styremedlem.

Borghild Brennekåsa attvald som styremedlem.

Gunvor Prestårhushus attvald som styremedlem.

Torkel Hytta attvald som varamedlem til styret.

Dag Krokå vald som medlem av valgnemda.

Torkjell Sletta vald som revisor.

### 8. Avslutning

Svein Bakkalia avslutta årsmøtet og overekte blomster til Svein Erik Sletta som takk for innsatsen i valkomiteen. Ingejørg Frøland Hagen får også

blomster som takk for jobben som revisor i laget i mange år.

Årsmøtet vara ein time slik ein hadde rekna med på førehand.

Etterpå var det bevertning med smørbrød, kake og kaffe og prat rundt borda.

Etter pauza var det foredrag av Bergit Telnes. Ho heldt eit svært interessant foredrag om bergverksdrift i øvre Telemark på 1500-talet og med spesiell vekt på det som blir kalla Bondeopprøret i Hjartdal. Bergit Telnes takka og overakte blomster frå interesserte og fornøgde tilhørarar.



Torgunn Opsal overrakte ein blomstebukett til Svein Bakkalia. Ho understreka at blomsten var frå alle i historielaget for god leiing og stor innsats i laget.

Møtet avslutta kl 21.30

## Bandhistorie på nett

En kortversjon av Toralf Slettas musikalske historie

På Facebook fins det nå et prosjekt med musikk/bandhistorien i Notodden, Sauherad og Hjartdal. Forløpig med lite stoff fra hjartdalsbygdene, men det skal nok komme. Her er et utkast til noe vi tenker å sende inn.

Toralf Sletta (f.1945) er en tuddøl med lang fartstid innafor flere musikalske sjangre. De fleste kjenner han i dag fra *Heddal og Sauland Trekkspillklubb* og som trekkspiller med eget dansorkester som har holdt på i snart 40 år. Faste medspillere er Halvor Skoje (bassgitar) og Frank Dahle (gitar). Toralf er bror til Gunnulf – og skuespiller Nils, begge spelemenn. Oldefar var storspelemannen Svein Løndal.

4

Men Toralf har ei lang karriere før dette, bl.a. hadde han flere egne radio-program i NRK på 1970-80-tallet med rein gammaldans. Gjennom åra har han også bygd opp sitt eget lydstudio i heimen.

Og han kan også fortelle om andre sider fra et langt musikkliv. Toralf husker fra 1957 at han besøkte en kamerat i Sauland og var på hopprenn i Landsverklia. Etterpå var det dans

på ungdomshuset og guttungane dro dit for å snike seg til et glimt av livet og musikken. Det var Hobby Band fra Notodden som spilte.

Dette må ha gjort inntrykk, for ikke mange år etter, i 1961, var 16-åringen Toralf i gang med sitt første "band". Tidligere var det folkemusikk og hardingfele som hadde dominert i Tuddal, men dette var en trekkspilltrio med navnet *Jubelgutta*. Repertoaret var gammaldans, og instrumentalversjoner av tidas "slagere" dvs. de som kunne høres i Ønskekonserten.

Trioen besto ellers av Arvid Flatin (nå bosatt i Gransherad) på trommer og Toralf sin onkel Olaf Åkre fra Bondal på gitar. Det blei også skaffa en kontrabass, men det blei ikke særlig bruk av den, så den blei solgt.

Jubelgutta var ikke et navn som slo heilt an verken hos musikantene sjøl eller publikum. Engelsk var i framgang, og nytt navn blei nå *Hurry Boys*. En lørdagskveld midt på 1960-tallet var de på spillejobb i Sauland. En lyslugga ungdom sveiv omkring scenen

veldig interessert og våga seg til å be om å få prøve gitaren til Olaf. Det fikk han, og han må ha gjort et kjempeinntrykk fra første stund. Gutten var et stortalent fra Sauland med overbevisende gitarteknikk og topp sangstemme – Olaf Steinstad (1950-2006).

Nå blei det nye tider. 60-tallsmusikken var på plass i bygdene, men også Country (& Western)-musikken. Nashvillesounnen og Chet Atkins slo an, men Olaf og Toralf hadde mer sans for den noe hardere, og egentlig litt rocka countrymusikken fra California representert ved Buck Owens og Merle Haggard.

Olaf hadde snart fast plass i bandet som sologitarist og vokalist. Toralf skaffa seg bassgitar, den første i Hjartdal kommune, og sang korstemer, men la ikke trekkspillet heilt bort. Det var bandet *Countrymen* som nå var etablert. Var dette distriktets første (nesten) reine countryband?

Lokalt gikk bandet ofte under navnet *tuddølen'*. Men Countrymen fikk nå spillejobber over store deler

Forts. s.8



Toralf Sletta har også bidratt på historielagsarrangement. Her er han i heimestudioet sitt

# Vinje-jubileum for 100 år sidan



Det er 200-årsjubileum for Aasmund Olavson Vinje (1818-1870). Kjent som diktar, men også som grunnleggar av moderne norsk journalistikk og sikkert den viktigaste personen for utviklinga av landsmålet, etter Ivar Aasen.

Vi markerer jubileet på vår måte her: I bildesamlinga etter Mattis Omnes, som medlemmene kjenner til, finn vi desse bilda. Det fins inga tekst eller annan dokumentasjon, så vi må berre spekulere. Men det er liten tvil om at dette må vere ein



stor anledning ved minnestøtta over Aasmund Olavson i Vinjebygda. Og utfra fotografens tidsalder passar dette bra med 100-årsjubileet i 1918. Da var fotografen i slutten av 20-åra og truleg kulturinteressert og "horskdomsmann". Vi tenker oss at fleire likesinna ungdomar i Sauland har slått seg saman og tatt turen til dette storstemnet i Vinje.

Korleis dei reiste er eit nærliggande spørsmål. Kan dei ha kjørt bil? Det fanst bilar i Sauland på den den tida, mellom anna har Mattis eit bilde av fleire festkledde personar i ein Buick (nede på denne sida). Trafikkbildet, typisk for si tid, viser også fotgjengrar og ein hesteskyss.

Om bildet er frå vinjeturen kan vi ikkje vite, men Mattis hadde kamerautsyret med til Vinje – sikkert eit stort og komplisert apparat, for bilda blei festa på store glasplatenegativ. Dette utstyret var ikkje lett å dra med seg ved andre former for skyss.

Kven i Sauland var den stolte eiga-  
ren av H 207? Og kvar er bildet tatt?

Dette vil vi gjerne få greie på dersom nokon av leserane skulle kunne hjelpe oss.

Men attende til Vinje: Bilen på bildet øvst på forrige side er tydelegvis heimeverande i Vinje. *Automobil-laget Haukelid* står det på døra. To bunadkledde damer sit i bilen. Syklar var sjølvsgåt vanlegaste framkomstmiddelet, og fine vevde tepper verner dei mot vind og vær.

Minnestøtta over Vinje har fått blomekrans, var ho avduka ved denne anledninga? I bakgrunnen kan vi skimte Vinjestova, barndomsheimen til jubilanten.

Bildet nede på sida er truleg tatt under ei festtale til Aa.O.Vinje. Bakgrunnen viser tydeleg Vinjeplassen og Vinjestova. Vi skimtar også talaren litt til høgre i bildet. Han er knipsa når han vender seg mot stova, ikkje mot publikum.

Dressar og bunadar er sjølvsgaute ved anledningen og varierte hovudplagg – ingen utan..



Forts. fra s.5

av Sør-Norge. Torger Flatland Music Production ordna det.

Bandet besto til litt ut på 1970-tallet med denne besetningen. I tillegg var Harald Foss innom bandet, og Sigve Barvik vikarierte på slutten.

*Facebookgruppa med bandhistorien er åpen. For å delta, kommentere mv. må du være medlem.  
[m.facebook.com/groups/484317701964679/](https://www.facebook.com/groups/484317701964679/)*

## Kontingent 2018

Saman med dette bladet sender vi ut bankgiro for kontingenoten 2018.

Medlemskontingenoten er 300 kroner. Stor aktivitet i laget fører til auka utgifter, men vi vil halde fram med rimelege arrangement og gratis årbok for medlemmene.


Sidan det er medlemskontingenoten som betaler mykje av årboka, ser vi gjerne at de hjelper til med å verve nye medlemmer. Tenk særleg på famili og kjenningar utanbygds!

## Facebook og datahjelp

Vi minner om historielagets facebookside: [facebook.com/hjartdalhistorielag](https://www.facebook.com/hjartdalhistorielag).

Her kan du finne bilde, arrangementsmeldingar og innlegg av mange slag.

Ofte viser vi til interessant stoff på internett. Vi veit sjølvsagt at ikkje alle er i stand til å finne ut av dette, derfor må ein ikkje vere redd for å spørje venner og kjente om hjelp. Historielaget kan også ordne med framsyningar på dei åpne onsdagskveldane (hugs på dei!). Ein kan også kontakte frivillighetsentralen om hjelp til dette.



## HJARTDAL HISTORIELAG

*Leiar: Svein Bakkalia, Sjotmovegen 24, 3692 Sauland  
Tlf.: 97535468 svein.bakkalia@online.no*

*Kontaktblad- og web-redaktør: Leif Skoje  
Tlf.: 48237883 skoje@online.no  
<http://www.hjartdalhistorielag.no>  
Hjartdalbanken 2699 07 04332*

*Bladet blir sendt alle medlemmer  
Bruk gjerne stoff frå bladet, men oppgi kjelde  
Vi vil gjerne at medlemmene skriv i bladet*